

ROS-analyse

Mai 2019

Reguleringsplan for veg til Grytebekkosen, del II
PLANID 201812

Øystre Slidre kommune



Innhald

Innhald.....	2
1. Skildring av planområdet og utbyggingsføremålet	2
2. Moglege uønskete hendingar	3
3. Vurdering av risiko og sårbarheit	4
3.1 Generelt	4
3.1.1 Sannsyn.....	4
3.1.2 Konsekvens	4
3.1.3 Tryggleikskategoriar i TEK 17	5
3.1.4 Sårbarheit	5
3.2 Analyseskjema	6
4. Tiltak for å redusere risiko og sårbarhet.....	7
5. Dokumentasjon av korleis analysen påverkar planforslaget.....	7

1. Skildring av planområdet og planføremålet



Fig. 1: Ortofoto, planområdet vist med gul omramming.

Føremålet med planen er å legge til rette for veg til 7 eksisterande hytter ved Grytebekkosen. Også tre andre eksisterande hytteeigedomar vil få kortare gangtilkomst og ha nytte av vegen. Reguleringsplanen omfattar også sju eksisterande bebygde hytte-eigedomar og skal avklare arealbruken der.

Det er bygd 850 m veg mot hyttene i medhald av reguleringsplanen 201412 «Reguleringsplan for veg mot Grytebekkosen», vedteke den 30.11.2017. I utgangspunktet var det intensjonen å regulere veg

heilt fram til hyttene, men siste delen vart teke ut grunna grunneigarmotstand. No har jordskifteretten i dom fastslått at hytteeigarane har vegrett heilt fram til hyttene. Intensjonen med denne planen er å legge til rette for veg etter plan- og bygningslova. Planforslaget viser 365 m veg fram til hyttene og til saman 273 m intern veg i hytteområdet.

Planområdet ligg rundt 930 moh. Området er bjørkeskog. Vegen kryssar Grytebekken, som ved kryssingspunktet har eit nedbørfelt på 10,4 km².

2. Moglege uønskte hendingar

Tab.1: Moglege uønskte hendingar i planområdet

Hending	Aktuelt for planen?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – Er området utsett for, eller kan planen medføre risiko for:		
Ekstrem vind	Ikkje aktuelt	Området er ikkje spesielt utsett og føremålet med planen er lite relevant.
Flaum og overvatn	Sjå analyseskjema	
Steinsprang og steinskred	Ikkje aktuelt	Jf. faresonekart frå NGI ^{*)}
Snøskred	Ikkje aktuelt	Jf. faresonekart frå NGI ^{*)}
Jord-, flaum- og sørpeskred	Ikkje aktuelt	Jf. faresonekart frå NGI ^{*)}
Menneskeskapte forhold - Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:		
Brann	Ikkje aktuelt	Ingen endra brannobjekt som følgje av plan.
Akutt forureining	Ikkje aktuelt	Det er ingen kjelder til akutt forureining nær planområdet
Eksplasjon	Ikkje aktuelt	Det er ingen verksemder eller lagerbygg som inneheld eksplosivar nær planområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Ikkje aktuelt	Ikkje el. i området. Kun mobilnett
Svikt i vassforsyning	Ikkje aktuelt	Ingen endra objekt som følgje av plan er avhengig av vassforsyning
Framkomst for redningsteneste	Ikkje aktuelt	Vegar og bruer skal dimensjonert i samsvar med norm

^{*)} Faresonekart frå NGI: <https://www.oystre-slidre.kommune.no/innsynfront/wfdocument.ashx?journalpostid=2016000215&dokid=77543&versjon=1&variant=A&>, kartvedlegg: <https://www.oystre-slidre.kommune.no/innsynfront/wfdocument.ashx?journalpostid=2016000215&dokid=77544&versjon=1&variant=A&>

3. Vurdering av risiko og sårbarheit

3.1 Generelt

Risiko blir vurdert både i forhold til fare for planlagte tiltak i planområdet og fare som planlagte tiltak kan utløyse. Risiko er produktet av sannsyn og konsekvens:

3.1.1 Sannsyn

Sannsyn er eit mål for kor truleg det er at ei hending vil skje i planområdet innan eit visst tidsrom. Sannsyn er gruppert i tre klasser: høg, middels og låg. Kriteriene varierer mellom type hendingar, men blir i planROS-hendingar gjerne gruppert slik:

Tab.2: Vurdering av sannsynskategoriar

Høg	Meir enn 1 gong kvart 10. år
Middels	Ei hending pr. 10-100 år
Låg	Sjeldnare enn ei hending pr. 100 år

3.1.2 Konsekvens

Konsekvens er verknaden den uønska hendinga kan få i planområdet eller utbyggingsføremålet. Konsekvenskategoriane er også gruppert i tre klasser: store, middels og små. Konsekvensar er vurderte ut frå tema liv og helse, stabilitet og økonomiske verdiar/produksjonstap.

Tab.3: Vurdering av konsekvenskategoriar

	Store	Middels	Små
Liv og helse	Dødelege skadar, fleire personar	Dødelege skadar ein person	Personskadar
Stabilitet	Varig skade på eller tap av samfunnsverdiar	Kortvarig skade på eller tap av samfunnsverdiar	Ubetydeleg skade på eller tap av samfunnsverdiar
Materielle verdiar	Materielle skadar over 1.000.000 kr	Materielle skadar 100.000-1.000.000 kr	Materielle skadar under 100.000 kr

3.1.2.1 Om stabilitet

Omgrepet stabilitet omfattar kritisk infrastruktur og følgehendingar, ei vurdering av eventuelle forstyrrelsar i dagleglivet på grunn av svikt i kritiske samfunnsfunksjoner og manglande dekking av grunnleggande behov hjå befolkninga.




Fig.3: Stabilitet. Framstilling av kritisk infrastruktur som er omfatta av omgrepet.

3.1.3 Tryggleikskategori i TEK 17

Byggteknisk forskrift (TEK 17) har krav til tryggleiksklasser for hendingane flaum og skred. Slike hendingar i bustadområde er rekna å ha middels konsekvens, for flaum betyr det at ein aksepterer eit årleg sannsyn på 1/200, kalla F2.

Skred er ikkje relevant i planområdet, men der er akseptert årleg sannsyn 1/1000, kalla S2.

3.1.4 Sårbarheit

Sårbarheit skal vurderast dersom det er risiko. Under sårbarheit ligg konsekvensar for viktige samfunnsfunksjonar (som tele, data, sjukeheim, VA og vegar). Kommunens og samfunnets evne til alternative løysingar og raskt å gjenopprette normal drift etter hendinga er sentral i sårbarheitskriteriet.

3.2 Analysekjema

Vi vurderer her hendinga flaum, jf. tab. 1.

Nr	1	Uønskt hending	Flaum i bekker	
Skildring av uønskt hending: 20 årsflaum				
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring		
		20 årshending er dimensjonerande		
Årsaker				
Snøsmelting kombinert med ekstrem nedbør. Tele i grunnen. Stikkrenner/kulvertar går tett				
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak				
Ingen				
Vurdering av sannsyn				
Høgt		Middels	Lågt	
X				
Grunngjeving for sannsyn: 20 årshending				
Konsekvensvurdering				
		Konsekvenskategoriar		
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar			X	
Samla grunngjeving av konsekvens: Vegtraseen kan føre til oppstuving av vatn, utgraving av vegbanen og transport av masser mot Åtjednet				
Sårbarheitsvurdering				
Vegen er tilkomst til få einingar, ingen fastbuande, ingen infrastruktur				
Usikkerheit		Grunngjeving		
Konsekvensen av klimaendringane		Generell usikkerheit		
Kjeldegrunnlag				
Forslag til tiltak og mogleg oppfølging i reguleringsplanen og anna				
Planføresegnene kap. 2.2, «voll» i reguleringsplankartet				
Sårbarheit/risiko		Tiltak	Oppfølging	
Små			Planføresegnene kap. 2.2	
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen				
Kjelder	NVE, vannføring for Vinde-elv: https://www2.nve.no/h/hd/plotreal/Q/0012.00207.000/index.html NEVINA: http://nevina.nve.no/			
Deltaking				
Vedlegg				
Sjå planskildringa til reguleringsplanen				

4. Tiltak for å redusere risiko og sårbarhet

Tab.3: Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i bekk	Dimensjonere stikkrenner/kulvertar tilstrekkeleg, etablere lågbrekk på vegen og ein voll for å hindre oppstuving av vatn vekk frå stikkrennene og lågbrekket	Planføresegnene kap. 2.2, «voll» i reguleringsplankartet

5. Dokumentasjon av korleis analysen påverkar planforslaget

Vi viser her til planføresegnene pkt. 2.2.